

# Mal for omtale av kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse

## I. Omtale av kvart område:

1. Namn på området og kort karakteristikk

*Indre Sørfjorden*

*– Kraft- og industrilandskapet inst i Sørfjorden*

2. Områdeavgrensing, plassering (beliggenhet i Askeladden).

Sjå kart.

3. Skildring av området (maks 1 side)

*Landskapet der dalen møter fjorden er trøngt med høge fjell, med høgtliggjande vatnsystem i fjelldalane ovafor. Fjorden er isfri, og elva Opo renn ut i fjordbotnen, der den naturlege strandstaden Odda ligg. Her var ein naturleg ferdsleveg vidare til pilegrimsmalet Røldal. Kyrkja på Almerket er frå 1870, men her har vore kyrkje sidan 1250. Den er eit samlande element i landskapsrommet. Lenger oppe i dalen, aust for elva Opo, ligg nokre få tun som vitnar om det gamle bondesamfunnet i Odda.*

*Strandstaden Odda var rundt 1900 det mest vitja turistmålet i landet. Reisemåla var dei mektige fjella og fossane, som Tyssestrengane, og turen til Dalen i Telemark. Av denne travle strandstaden er eit konsentrert bygningsmiljø att ved Brotateigen, og traséen til ferdslevegen til Røldal.*

*Tidlig på 1900-talet var kraftpotensialet i fjellet og den isfrie hamna perfekte vilkår for bygging av heile industrisamfunn i fjordbotnen, av nasjonale og internasjonale aktørar med stor kapital og teknologi. Oppdemming av Tyssovassdraget og kraftstasjonane i Tyssedal leverer straum til kraftintensiv industri i Tyssedal og Odda. Gjennom store og integrerte strukturar har industrien lagt beslag på mykje av dei sentrale areala i Odda og Tyssedal. Kring industrianlegga er det laga veganlegg, bustadstrøk, og offentlege strukturar som skular, rådhus, idrettsanlegg, sjukehus, m.m. Fleire element i industrisamfunna Odda og Tyssedal har nasjonal og internasjonal kulturminneverdi, og høg arkitektonisk verdi. Tveitahaugen er eit tidlig døme på ein hageby i Noreg. Ringedalsdammen, Tyssedal kraftstasjon og Odda Smelteverk er freda.*

*Industrisamfunna i Odda og Tyssedal tek opp det meste byggbare arealet ved fjorden, og dominerer det heilskaplege inntrykket av det lågare landskapet. Sjølv om industrisamfunna er nært knytt til naturen og natur-ressursane i landskapet, er industrilandskapet eit markant og framandarta element innskote mellom fjorden og dei urørte øvre delane av landskapet der høge fjellsider strekkjer seg mot himmelen. Dei store industrisamfunna industristrukturane i Odda og Tyssedal er mellom dei landskapa i landet som er sterkest prega av den andre industrialiseringa, i frå fjellet til fjorden.*

#### 4. Fastsetting av landskapskarakter:

*Landskapet der dalen møter fjorden er trøngt med høge fjell, og med høgtliggende vatsystem som renn ut i Tyssevassdraget i hengedalen Tyssedalen. Strandstaden Odda ligg ved utløpet av elva Opo i den isfrie fjordbotnen. Kyrkja på Almerket er eit fokuspunkt, men Industrisamfunna i Odda, Tyssedal og på Eitreimsneset dominerer det heilskaplege inntrykket av det lågare landskapet, med enorme industristrukturar og samanhengande elektrisitetsforsyningsanlegg frå dei oppdemde fjellvatna til industrisamfunna ved fjorden. Samstundes som industrisamfunna er nært knytt til naturen og naturressursane i landskapet, er industrilandskapet eit markant og framandarta element innskote mellom fjorden og dei urørte øvre delane av landskapet der høge fjellsider strekkjer seg mot himmelen.*

#### 5. Nasjonal interesse. Grunngjeving for at området er av nasjonal interesse

*Indre Sørfjorden er i nasjonal samanheng eit framståande døme på eit heilskapleg industrilandskap med tilhøyrande heilskapleg vasskraftlandskap som vart etablert i den andre industrialiseringa. Enkelte kulturminne i dette landskapet er eineståande i nasjonal og internasjonal samanheng. Industrilandskapet er konsentrert, og har høg autentisitet som heilskapleg industrilandskap. Indre Sørfjorden har høg kunnskapsverdi, høge opplevingsverdi og høg bruksverdi.*

#### 6. Råd om sårbarheit, tålegrenser, forvalting

Sårbarheit og tolegrenser:

*Historia i landskapet er lett å lese, og landskapet toler ikkje store strukturelle endringar i tettstadane, t.d. oppføring av store strukturar i den viktige siktlinia frå sjøen. Elles er dagens landskapskarakter ganske robust.*

Forvaltning:

*Odda Smelteverk og Tyssedal kraftstasjon er freda etter kulturminnelova.*

*Tveitahaugen i Tyssedal er regulert til omsynssone bevaring.*

*Odda er oppført i NB!- registeret, register over bystrøk av nasjonal interesse.*

*Landskapet bør i kommuneplanens arealdel gjevast omsynssone c) med særleg omsyn til landskap og kulturmiljø, med føresegner og retningsliner som formulerer målsetninga for forvaltinga av området, og rammer for bruken av det.*